

---

**Fra:** Stian Marøy  
**Sendt:** mandag 19. november 2018 14:52  
**Til:** 'Lena Lekve'  
**Kopi:** RA-Byggesak  
**Emne:** SV: sak 18/1767 - gbnr. 88/103 - spørsmål om status

Hei

Som beskrive på tlf i dag har byggesak sett gjennom utgreiingsbrev datert 12.11.2018 og sender som avtalt eit kort samandrag:

Punkt 4: Jf. pbl § 21-5 kan byggesak ikkje gje løyve i eitt-trinn når tiltaket er betinga av tillating eller samtykke frå anna myndigheit utan at dette er vedlagt. Tiltaket må derfor delast opp i rammeløyve og igangsetjing.

Punkt 8: Då det i reguleringsplan ikkje er beskrive at område B6 er for 6manns bustad, kan ikkje byggesak sjå at parkeringsareal mindre enn 1,6 plassar pr. bueining (kommunedelplan for Radøy sør, punkt 3.1.2) der 5% av plassane skal vera utforma og reservert for rørslehemma (kommuneplan for Radøy, punkt 2.7.2) er i tråd med plan sjølv om parkeringsareala er nytta til fulle. Tiltaket må reduserast i tal bueiningar for å ha tilstrekkeleg med parkering, alternativt må det søkjast dispensasjon frå plan.

Punkt 9: Mangelbrev punkt 9 treng ytterlegare beskriving enn mottatt tilleggsdokumentasjon.

Denne gjennomgangen er ein grov vurdering av mottatt utgreiingsbrev etter ynskje frå ansvarleg søkjar om det er store manglar som bør fangast opp. Det er ikkje gjort ein vurdering av innhald i dei punkta der ansvarleg søkjar har skrive at punktet er retta, oppdatert eller liknande.

Mvh

Stian Marøy  
Ingeniør byggesak

### Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 56

E-post: [stian.maroy@radoy.kommune.no](mailto:stian.maroy@radoy.kommune.no)



---

**Fra:** Tonje Nepstad Epland  
**Sendt:** torsdag 15. november 2018 13:56  
**Til:** RA-Byggesak  
**Emne:** Fwd: sak 18/1767 - gbnr. 88/103 - spørsmål om status

Helsing  
Radøy kommune

Tonje Nepstad Epland  
Leiar teknisk forvaltning

Videresendt melding:

**Fra:** Lena Lekve <[lena@arkoconsult.no](mailto:lena@arkoconsult.no)>  
**Dato:** 15. november 2018 kl. 13:19:34 CET  
**Til:** Tonje Nepstad Epland <[tonje.epland@radoy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no)>  
**Emne:** sak 18/1767 - gbnr. 88/103 - spørsmål om status

Hei!

Viser til innsendt tilleggsdokumentasjon i nemnte sak, denne veka.

Har du fått sett på det enno, og er det mogleg å sei noko om det som er innsendt er tilstrekkeleg for vidare sakshandsaming?

Tiltakshavar vil unødig vente 3 veker for å få eit nytt avslag.

Set pris på om du kan gje meg ei tilbakemelding på dette.

Venleg helsing/Best Regards

**Lena Lekve**

**Jurist, Byggesak**

Direkte: +47 95963006 | Felles: +47 56390003

Faks: +47 56191130

E-post: [lena@arkoconsult.no](mailto:lena@arkoconsult.no)



**Hovedkontor – Valestrandsfossen:**

**Arkoconsult AS**

Postboks 103, HTB-bygget

5291 Valestrandsfossen | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

**Avdelingskontor – Voss:**

**Arkoconsult AS**

Strandavegen 2

5705 Voss | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)



Vennligst tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.